



Weglo Design Plan & Landskap AS  
Strandgaten 50  
5004 BERGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 14/1926 - 18/1892

Saksbehandlar:  
Tonje Nepstad Epland  
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:  
06.02.2018

## Plansak 12602011000400 - detaljregulering - Mangersnes bustadområde - melding om vedtak om 1. gongs høyring og offentleg ettersyn på vilkår

Saka vart handsama av Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte den 24.01.18, der følgjande vedtak vart fatta:

*Framlegg til detaljregulering for Mangersneset bustadområde med planID 1260201100400 vert*

*godkjent for 1. gongs høyring og offentleg ettersyn på følgjande vilkår:*

- 1. Føresegn § 1.11.10. vert endra til:  
Møteplassar langs kommunal veg skal vere ferdigstilt før det vert gjeve igangsettingsløyve for tiltak i planområdet. Rekkeføljekravet gjeld ikkje mindre tiltak på bygd eigedom.*
- 2. Føresegn § 1.11.11. vert endra til:  
Kommunal veg og fortau skal vere opparbeidd i samsvar med plan og ferdigstilt før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for bustadene i BFS11-BFS26, BBB1 og BKS1.*
- 3. I føresegna § 1.4.3 er det falt ut eit «ikkje». Dette må rettast slik at det ikkje kan førast opp tiltak i branngate.*
- 4. Det må utarbeidast trafikkanalyse for anleggstrafikken.*
- 5. Arealbruk i strandsona utanfor utbyggingsføremål i kommuneplan må KU og ROS vurderast. Det bør regulerast felles, køyrbar universelt utforma gangveg til eventuelle fellesareal i strandsona.*
- 6. Plangrense i sjø må justerast i samsvar med oppstartsvarel.*
- 7. Referansar i kart, føresegner og planskildring må synkroniserast, samt generell språkvask og feilretting i føresegna.*

*Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.*

*Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 12-10.*

---

**Post**

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

**Kontakt**

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634



Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

### **Klage**

Vedtaket er ikkje eit enkeltvedtak og kan ikkje klagast på.

### **Høyring og offentleg ettersyn**

Kommunen gjer merksam på at planframlegget ikkje vil verte sent på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn før kommunen har motteke reviderte plandokument i samsvar med vilkår i hovudutvalet sitt vedtak i saka.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Plansak 12602011000400 - detaljregulering - Mangersnes bustadområde - framlegg om 1.gong høyring og offentleg ettersyn

### **Mottakarar:**

Weglo Design Plan & Landskap AS      Strandgaten 50                      5004                      BERGEN